

Referat frå elevrådsmøte 08.09.2022

Alle representantane møtte: Emilie, Linnea, Othilie Marie, Adrian, Liam, Eiril, Leah, Ulrik, Martha, Alexandra, Nora-Elise, Styrk, rektor.

Rektor ynskte velkomen og fortalte litt om kva elevrådet er, kva saker ein kan ta opp og oppgåvene til representantane. Det er viktig at representantane veit at dei representerer klassen og ikkje berre seg sjølv.

Rektor informert så om mobbeombudet i Vestland som heiter Aina Drage. Denne informasjonen blir også sent heim og hengt opp på skulen.

Elevane hadde mange ynskjer: fleire leikestativ, leikehus, ballar, ulike leiker, klassebamse, klassedyr og mange andre ting. Rektor informerte om at ein ikkje kan kjøpe inn fleire leikestativ, men dette gjer vi:

- Rektor bestiller ein ball og utekritt til kvar klasse
- Klassebamse og klassedyr er heile elevrådet for, men dette må diskuterast med kontaktlæraren
- Rektor snakkar med SFO-leiar om å kjøpe inn fleire leikepengar og leikemat
- Rektor tek opp ynskje om skulegensar med FAU
- Rektor snakkar med skulebibliotekar om å kjøpe inn flire bøker. Det er særskilt ynskje om faktabøker om dyr, skumle bøker og bøker på engelsk.

Elevane tykkjer elles det er viktig at alle er snille og tolmodige med kvarandre!

Så hadde vi **avstemming på to saker** som blei fremja:

Vi skal ha **fast leikedag ein gong i månaden**. Denne dagen skal vi ha leik og aktivitetar på tvers av årssteg. Dette blir den siste tysdagen i kvar måned. Lærarne arrangerer!

Rektor skal utlyse **ulike konkurransar** med jamne mellomrom. T.d. konkurranse om kven som har den ryddigaste garderoben osv.

Linda Selheim, rektor og referent.